

Over 30 % dødleghet på utvandra smålaks frå Uskedalselva.

28.12.2020



Uskedalselva er ei av 11 vassdrag som er med i oversikten i ny modell for måling av dødlegheten på utvandra smålaks.

Det er målt og registrert heile 36 % dødleghet på utvandra smålaks frå Uskedalselva. Mange elvar i Hardanger ligg på over 40 % dødleghet. Elvar med lågast dødleghet er Oselva (28 %) og Etneelva (16 %). Målingane er gjort av Havforskningsinstituttet. Arbeidet er nytt og B.T. hadde ein større artikkel på trykk i går, måndag 28. desember. Uskedalselva er ei av 11 elvar som er med i oversikten.

Modellen, som er ei samling av fleire metodar, prøver å finna ut kor mykje villaks som døyr frå kvar elv etter angrep av lakselus. Det handlar om å analysa vandringsruter, tidspunkt for utvandring, laksegenetikk, tidspunkt for oppblomstring av lus og teljing av antal lus på fisk som vert fanga i sjøen. Innsamla data kan så sei noko om kor stor del av fisken som vil døy med bakgrunn i skade frå lus.

Laksen har alltid møtt på lus i saltvatn. Tilbake i ferskvatn ristar fisken av seg lus. Målingane syner at luseproblemet er langt større ved oppdrettsanlegga i fjorden der lus og luselarver spreier seg i fjord- og kystsystemet. Dødlegheten er størst i elvane på Vestlandet med lange fjordar og med mange oppdrettsanlegg, også fordi fisken har lange vandringsruter mot havet.



Installasjon i Uskedalselva ved teljing av kor mykje fisk som går opp i elva.

Havforskningsinstituttet sitt arbeid vert lagt til grunn for å koma fram til avbøtande tiltak i samarbeidet mellom forvaltninga og næringa. Eit tiltak er redusert produksjon. Hardangerfjorden med dødleghet på over 30 % er i gul sone. Næringa er pålagd å redusera produksjoen med 6 %.

Oppdrettsnæringa er ikkje samde i pålagde krav og har varsla sak mot staten. Bakgrunnen deira er at grunngevinga for reduksjonen er for dårleg.

Av ulike fagmiljø om jobbar med fiskeforvaltning i Uskedalen, kan vi nemna:

- UNI miljø tel fisk i elva
- Rådgevande biologar tek ut oppdrettsfisk i elva
- Oppdrettsbransjen har kamera for å å telja fisk som går opp i elva.

Uni miljø og Rådgevande biologar brukar dykking som ein arbeidsmetode og leverer data godkjend for forskning.

Uskedalen.no vil fylgja opp denne saka med kommentar frå fagmiljøa.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal

Kjelde: B.T. 28.12.2020